

Rutine

Minoritetsspråklege barn i barnehagen og elevar i grunnskulen

Språkopplæring og inkludering

SULDAL KOMMUNE

2012

INNHALD

1.	FØREMÅL	2
2.	OMRÅDE RUTINEN GJELD	2
3.	ANSVAR	2
4.	OVERSIKT OVER AKTUELT LOVVERK OG KOMMUNALE VEDTAK	3
5.	OMTALE	4
5.2.	LOVGRUNNLAG BARNEHAGE	5
5.3.	LOVGRUNNLAG SKULE	6
5.4.	KARTLEGGING BARNEHAGE	8
5.5.	KARTLEGGING SKULE	8
5.6.	FRIKORT FOR VURDERING	9
5.7.	PLOSSERING I KLASSE	9
5.8.	INTENSIVKURS 1.-4. KLASSE	9
5.9.	INNFØRINGSTILBOD 5. -10. KLASSE	10
5.10.	SÆRSKILD SPRÅKOPPLÆRING UTANOM INTENSIVKURS ELLER INNFØRINGSTILBOD	10
5.11.	NYE BARN/ELEVAR SITT MØTE MED BARNEHAGEN/SKULEN	10
5.12.	BARNEHAGEN OG SAMARBEID MED HEIMEN	11
5.13.	SKULEN OG SAMARBEID MED HEIMEN	11
5.14.	SAMARBEID, ANSVAR OG ROLLER INTERNT I BARNEHAGEN	12
5.15.	SAMARBEID, ANSVAR OG ROLLER INTERNT I SKULEN	12
5.16.	OVERGANG BARNEHAGE - SKULE	12
5.17.	OVERGANG UNGDOMSSKULE - VIDAREGÅANDE SKULE	12
6.	KOMPETANSE OG NETTRESSURSAR	13
7.	RESSURSAR	13
7.1.	BARNEHAGEN	13
7.2.	SKULEN	13
8.	RAPPORTERING	14
9.	HANDSAMING AV AVVIK	14

Rutine

Minoritetsspråklege barn i barnehagen og elevar i grunnskulen

Språkopplæring og inkludering

1. Føremål

Det blei i 2007 laga ein rutine for opplæring av minoritetsspråklege barn og unge i skulen i Suldal. Det har skjedd ein del etter den tid, mellom anna er det gjort endringar i Opplæringslova, det har kome nytt kartleggingsmateriell, og Utdanningsdirektoratet har gitt ut ein ny rettleiar for innføringstilbod til nykomne minoritetsspråklege elevar. Det kjem fleire minoritetsspråklege barn og elevar til kommunen no enn før, og det var behov for å få barnehagane med i planen då det er i barnehagen grunnlaget for vidare språkutvikling og inkludering blir lagt. Det var difor trong for å gjere ein del endringar i rutinen.

Rutinen skal sikre likeverd i opplæringstilbodet for minoritetsspråklege barn og elevar.

2. Område rutinen gjeld

Rutinen gjeld for oppvekst.

3. Ansvar

Barnehage, skule, PPT, oppvekstadministrasjon, barnevern, helse og andre som har kontakt med minoritetsspråklege barn og deira familiar skal samarbeide til beste for barnet.

Barnehagen har ansvar for å

- ta godt imot barnet
- legge til rette for god språkstimulering
- rapportere på bruk av ressursar til oppvekstsjefen

Skulen har ansvar for å

- skaffe kartleggingsmateriell
- utføre kartlegging
- gjere einskildvedtak
- gjennomføre tiltak
- rapportere til oppvekstsjefen (vedtak, data, ressursbehov)

Oppvekstsjefen har ansvar for å

- hjelpe barnehage og skule med å legge forholda til rette
- ha oversyn over og rapportere på behov og ressursar til kommune og stat

PPT har ansvar for å

- rettleie barnehage og skule i spørsmål om spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning
- utrede barn og elevar som blir tilvist til PPT, og utarbeide sakkunnig vurdering
- rettleie og støtte barnehagane og skulane i deira utviklingsarbeid

Vaksenopplæringa har medansvar for

- at foreldre/føresette til barn i barnehagen og skulen får forståing for dei grunnleggjande haldningane institusjonane byggjer på, som t.d. likeverd, demokrati, elevmedverknad, samarbeid heim-skule.

4. Oversikt over aktuelt lovverk og kommunale vedtak

- Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.
- Temahefte om språklig og kulturelt mangfold. Marit Gjervan (red.) Kunnskapsdepartementet 2006.
- Temahefte om språkmiljø og språkstimulering i barnehagen. A. Høigård, I. Mjør og T. Hoel. Kunnskapsdepartementet 2009.
- St. meld. nr. 23 (2007-2008) Språk bygger broer
- St. meld. nr. 41 (2008-2009) Kvalitet i barnehagen. Kap 9.4 Barnehagen som språkarena.
- Opplæringslova § 2-8 Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar
- Opplæringslova § 2-1 Rett og plikt til grunnskuleopplæring
- Opplæringslova § 8-1 Skulen. (Rett til å gå på nærskulen)
- Opplæringslova § 1-3 Tilpassa opplæring og tidleg innsats
- Opplæringslova Kap. 5 Spesialundervisning
- Forskrift til opplæringslova § 3-21. Fritak frå vurdering med karakter for minoritetsspråklege elevar som nyleg har kome til Noreg
- Veileder. Innføringstilbud til nyankomne minoritetsspråklige elevar. Utdanningsdirektoratet 2012.
- Prop. 84L (2011-2012) Endringar i opplæringslova og privatskolelova
- Rundskriv Udir-7-2009 Rett til vidaregåande opplæring for minoritetsspråklig ungdom (Erstattar rundskriv Udir-6-2008). Utdanningsdirektoratet.
- Læreplanverket for grunnskulen LK06. Læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar.
- Læreplanverket for grunnskulen LK06. Læreplan i morsmål for språklege minoritetar.
- Rutine for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Suldal. Vedtatt 2009.

- Sak 029/11 i kommunestyret 03.05.2011. Opplæring av nye elevar i grunnleggjande norsk.

5. Omtale

5.1. Definisjonar

Minoritetsspråklege barn/elevar

Elevar som har eit anna morsmål enn norsk. Det kan vere familiar som har kome til Noreg på grunn av arbeidsinnvandring, familiegjening, som flyktningar eller asylsøkjjarar. Det kan også vere familiar der barnet er født i Noreg men den eine eller begge føresette har eit anna morsmål enn norsk, eller adoptivbarn som har norske adoptivforeldre. Det som er vesentlig, er om barnet kan så mykje norsk at det kan følgje opplæringa.

Nyleg komne elevar

Det er ikkje nokon absolutt grense for kven som blir rekna som nyleg kome til Noreg. Eleven kan reknast som nyleg kome sjølv om han eller ho har budd i Noreg ei stund før 1. klasse, eller dersom eleven kjem seint i grunnskulen og skal begynne i vidaregåande opplæring. (Prop. 84L 2011-2012).

Førstespråk og andrespråk, tospråkleg og einspråkleg

Førstespråket er det språket barnet møter frå fødselen av (morsmålet). Dersom mor og far snakkar kvart sitt språk heime, får barnet to førstespråk. Andrespråket er storsamfunnet sitt språk, altså norsk i Noreg. Vi kallar det andrespråk også om det faktisk blir det tredje språket barnet lærer.

Tospråklege barn er dei som skal lære norsk som andrespråk, same kor langt dei er komne i norsklæringa, og einspråklege barn er dei som nyttar eitt språk både heime og elles i samfunnet.

Særskild språkopplæring

Samla omgrep for særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Særskild norsk

Forsterka opplæring i norsk. Også kalla grunnleggjande norsk (jf. læreplan).

Morsmålsopplæring

Opplæring i morsmålet (jf. læreplan).

Tospråkleg fagopplæring:

Opplæring i eitt eller fleire fag på to språk (norsk og morsmålet).

Spesialpedagogisk hjelp

Gjeld barnehage. Tiltak for barn som etter sakkunnig uttale frå PPT har fått vedtak om spesialpedagogisk hjelp i barnehage etter §5 i Opplæringslova.

Spesialundervisning

Gjeld skule. Tiltak for barn som etter sakkunnig uttale frå PPT har fått vedtak om spesialundervisning i skulen etter §5 i Opplæringslova.

5.2. Lovgrunnlag barnehage

Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver

Kap. 4.1 Barn og barndom

Barnehagen må tilby alle barn et rikt, variert, stimulerende og utfordrende læringsmiljø, uansett alder, kjønn, funksjonsnivå, sosial og kulturell bakgrunn. Dette betyr at omsorgen og aktivitetstilbudet må tilpasses hvert enkelt barn og den aktuelle barnegruppen.

Kap 1.6 Samarbeid med barnas hjem

I møte med foreldre med minoritetsspråklig bakgrunn har barnehagen et spesielt ansvar for at foreldrene har mulighet til å forstå og gjøre seg forstått i barnehagen. Å møte foreldre fra ulike kulturer, både innen det norske samfunnet og fra andre land, krever respekt, lydhørhet og innsikt.

Kap 2.5 Språkleg kompetanse

Småbarnsalderen er den grunnleggende perioden for utvikling av språk. Samhandling gjennom kroppsspråk og lek med lyder er en vesentlig del av det lille barnets måte å nærme seg andre mennesker på. At voksne oppfatter og bekrefter barns uttrykk og samtidig setter ord på deres inntrykk og opplevelser, er av avgjørende betydning for videre utvikling av talespråket. Språket er personlig og identitetsdannende og nært knyttet til følelser. Morsmålet er viktig for opplevelse av egen identitet og mestring på mange områder. Et godt utviklet morsmål er en grunnleggende forutsetning for den videre språklige utviklingen, også når det gjelder skriftspråk og leseforståelse.

Barnehagen må sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringer med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som redskap for tenkning og som uttrykk for egne tanker og følelser. Alle barn må få et rikt og variert språkmiljø i barnehagen. Noen barn har sen språkutvikling eller andre språkproblemer. De må få tidlig og god hjelp.

Felles opplevelser og aktiviteter gir unik mulighet for kommunikasjon mellom barn. I samhandling mellom barn er det viktig å bli forstått. Barn bruker ofte en mer fantasifull og kreativ kommunikasjon seg imellom enn sammen med voksne. En

veksling mellom bruk av kropp, bevegelse og ord er en støtte for utviklingen av talespråket. I lek bruker barna ofte variert og komplisert tale.

En rekke barn har et annet morsmål enn norsk og lærer norsk som andrespråk i barnehagen. Det er viktig at barna blir forstått og får mulighet for å uttrykke seg. Barnehagen må støtte at barn bruker sitt morsmål og samtidig arbeide aktivt med å fremme barnas norskspråklige kompetanse.

Personalet er viktige som språklige forbilder. Samtaler, høytlesing og varierte aktiviteter som beskrevet under fagområdet kommunikasjon, språk og tekst vil være viktige sider ved barnehagens innhold.

Vidare finn ein i St.meld. 41 (2007-2008) Kvalitet i barnehagen, Kap. 9.4 Barnehagen som språkarena:

Regjeringen har som mål at alle barn bør beherske norsk språk før de begynner på skolen.

Kunnskapsdepartementet har gitt ut temahefte om språkmiljø og språkstimulering i barnehagen, som blir brukt som rettleiing for barnehagen sitt arbeid med rammeplanen. Der står det mellom anna:

Barnehagen skal arbeide for at tospråklige barn får en positiv tospråklig utvikling, og kjenne ansvar både for førstespråket (morsmålet) og andrespråket (norsk).

5.3. Lovgrunnlag skule

Eit barn som kjem til Noreg, og som sannsynlegvis skal vere i Norge meir enn tre månader har rett til grunnskuleopplæring. Plikt til opplæring trer inn når barnet har vore tre månader i Noreg. Årsaka til at dei er i Noreg har ikkje noko å seia. (O.l. § 2.1)

Eleven har rett til å gå på nærskulen, med mindre dei takkar ja til eit særskild tidsavgrensa innføringstilbod som ligg på ein annan skule. (O.l. § 8.1).

Eleven kan fritakast frå vurdering med karakter i faga (forskrift til O.l. § 3-21) og fritakast frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål (forskrift til O.l. § 3-22).

Opplæringslova §2-8 omtalar kva rettar minoritetsspråklege elevar i grunnskulen har. Siste avsnitt er nytt frå 2012:

§ 2-8. Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar

Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege

opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.

Morsmålsopplæringa kan leggjast til annan skole enn den eleven til vanleg går ved.

Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, skal kommunen så langt mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.

Kommunen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Slik kartlegging skal også utførast undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring etter føresegna, som grunnlag for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.

Kommunen kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper, klassar eller skolar. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i slik gruppe, klasse eller skole, må dette fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring. Vedtak om slik opplæring i særskilt organisert tilbod kan berre gjerast dersom dette er rekna for å vere til beste for eleven. Opplæring i særskilt organisert tilbod kan vare inntil to år. Vedtak kan berre gjerast for eitt år om gongen. I vedtaket kan det for denne perioden gjerast avvik frå læreplanverket for den aktuelle eleven i den utstrekning dette er nødvendig for å vareta eleven sitt behov. Vedtak etter dette leddet krev samtykkje frå elev eller føresette.

Det er ikkje kva land eleven kjem frå som er avgjerande, men om dei kan tilstrekkeleg norsk til å følgje den vanlege opplæringa.

Målet med særskild språkopplæring er at eleven snarast muleg skal kunne gå i ordinær klasse og bli inkludert der på lik linje med andre elevar.

Eleven kan ha krav på morsmålsopplæring eller tospråkleg fagopplæring, eventuelt begge delar i ein overgangsperiode. For å få slik opplæring er det ein føresetnad at dei har krav på særskild norskopplæring.

Elevar som vel å ikkje gå i innføringsklasse har likevel rett til særskild språkopplæring. Eleven og dei føresette skal vere informert om kva val dei kan ta og kva konsekvensar det får. Skulen må sørge for slik informasjon og at det blir forstått.

Når skulen tek stilling til dei rettane ein elev har etter opplæringslova § 2–8, er dette eit einskildvedtak etter forvaltningslova § 2. Skulen må skrive vedtak og sende til foreldra med kopi til oppvekstsjefen.

Einskildvedtaket er individuelt, og skal fattast etter § 2-8. Vedtaket skal innehalde slike opplysningar:

- om retten er oppfylt eller ikkje
- heimel
- kva tilbod som blir gitt
- kor tilbodet blir gitt
- kor mange timar som blir gitt
- eventuelle avvik frå fag- og timefordeling
- vise til kartlegging og kva den viste
- dersom innføringstilbod blir gitt, må det gå fram at dette er vurdert til å vere til eleven sitt beste
- kor lenge vedtaket gjeld
- klagerett (frist, klageinstans og innsynsrett)

Elevar med rett til særskilt språkopplæring, kan også ha rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5–1. Dette må bli ei konkret vurdering som må gjerast i det einskilde tilfelle, og ein følgjer då dei same prosedyrane som for andre elevar.

5.4. Kartlegging barnehage

Kartleggingsmateriellet TRAS (Tidleg registrering av språk) som blir brukt i Suldal, har eit skjema utan aldersinndeling som er tenkt til kartlegging av dei som har norsk som andrespråk.

5.5. Kartlegging skule

Skulen må gjere ei individuell vurdering av den einskilde elev sine opplæringsbehov og i samråd med foreldra velje opplæringstilbod ut frå det. Nye elevar må kartleggjast så snart som mogeleg etter at dei begynner på skulen, uavhengig av klassetrinn. For å kartlegge fagleg nivå og dugleik i norsk skal skulen bruke dei nasjonale kartleggingsverktøya og eventuelt andre eigna verktøy til dette. For nyleg komne elevar skal det også kartleggjast kva tilbod som vil vere best for eleven. Her må skulen bruke skjønn.

Når eleven har nådd nivå 2-3 i norsk (jf. nasjonalt kartleggingsverktøy), må ein vurdere om eleven kan følgje ordinær opplæring. Det bør evaluerast jamleg for å vite kva behov eleven har framover og om eleven er klar til å gå over i vanleg klasseundervisning.

Når det gjeld morsmål, så må ein så godt som muleg få klarlagt om eleven sin språkutvikling er på eit aldersadekvat nivå. Dette er særleg viktig om eleven visar lite framgang i norsk, og ein mistenkjer andre vanskar.

5.6. Fritak for vurdering

I følge forskrift til O.l. §3-21 kan rektor gi fritak for vurdering med karakter det første halve året etter at eleven har kome til Noreg dersom

- det er den siste halvdel av eit opplæringsår
- dei føresette ber om det

Fritak skal ikkje gis automatisk, og skal bare gis i dei faga det blir bedt om. Rektor må gjere einskildvedtak om at eleven skal ha fritak og i kva fag det skal gjelde.

Elevar som går i ein innføringsklasse kan fritakast frå vurdering med karakter heile perioden han eller ho er i innføringsklassen. Det gjeld både halvårsvurdering med karakter og standpunktkarakter. Føresette må få nødvendig informasjon og rettleiing om konsekvensane av slike val.

5.7. Plassering i klasse

Elevane skal på skulen ha tilhøyre til den klassen dei etter alder høyrer til. Dei skal inkluderast mest mogeleg i klassen, sjølv om dei får intensivkurs på 1.-4. trinn eller innføringstilbod på 5.-10. trinn. Det er viktig at kontaktlærar og lærarar i særskild språkopplæring samarbeidar om dette.

5.8. Intensivkurs 1.-4. klasse

Elevane må ha eit intensivkurs dei første månadene. Elevane skal då

- Lære skulen å kjenne
- Bli kjend med klassen dei skal gå i
- Lære ein del ord
- Kunne føre enkle samtalar på norsk
- kunne forstå litt av det som går føre seg i klassen

Det må vere minst to timar norsk dagleg den første tida. Kor lenge ein skal ha dette vil avhenge av eleven sin bakgrunn med omsyn til språk, kultur, skulegang, eleven sine evner, motivasjon og progresjon.

Eleven har krav på minst fem timar norsk kvar veke til han/ho har gode nok norskkunnskapar til å delta i den ordinære undervisninga.

Den første tida må også eleven ha med morsmåslærar som kan hjelpe eleven til å forstå skulekvardagen. Eleven har krav på slik hjelp til han/ho har lært så mykje norsk at dei forstår det som vert formidla av læraren.

5.9. Innføringstilbod 5. -10. klasse

Det er innføringsklasse med intensivtilbod i norsk for elevar i 5.-10. klasse ved Sand skule tre dagar i veka. Dei to andre dagane går elevane på dei skulane og i dei klassane dei høyrer til. Elevane frå Jelsa, Erfjord, Marvik og Vinjar skule kan følgje skuleskyssen og delta på dette tilbodet. For elevane på Nesflaten skule og Vanvik oppvekstsenter i 5.-10. klasse, vil det bli eit tilbod om eventuell intensiv opplæring eller særskild språkopplæring der, då reisetida blir for lang til Sand.

5.10. Særskild språkopplæring utanom intensivkurs eller innføringstilbod

Elevar som har gjennomgått intensivkurs i småskulen eller som ikkje har behov for eller har takka nei til innføringsklasse på mellomtrinnet/ungdomstrinnet, vil det bli eit tilbod om særskild norskopplæring inntil dei kan så godt norsk at dei kan følgje den ordinære opplæringa. Dei timane som blir gitt til særskild norskopplæring skal leggjast parallelt med norsktimane i ordinær opplæring slik at elevane ikkje mistar opplæring i andre fag. Tospråkleg opplæring skal leggjast parallelt med tilsvarande fag i ordinær opplæring.

Morsmålsopplæring blir gitt i tillegg til ordinær opplæring, dvs utanom skuletida.

5.11. Nye barn/elevar sitt møte med barnehagen/skulen

Dersom det er muleg, så bør barnehagen/skulen så tidleg som muleg få informasjon om nye barn som skal komme, slik at barnehagen/skulen kan førebu seg på å ta imot dei på best muleg måte. Introduksjonstenesta bør om nødvendig koplast inn. Er det familiar med særlege utfordringar (kan t.d. gjelde flyktningar), bør det takast opp i Koordinerande eining for å få på plass ein koordinator og ansvarsgruppe dersom det er nødvendig.

Det er ønskjeleg at barn går i barnehage for å lære seg norsk. Barnehagen bør difor involverast så tidleg som muleg. Dei føresette må informerast om konsekvensar av kva dei vel med omsyn til barnehage.

Første møte med barnehagen/skulen bør vera før barnet/eleven startar, og leggjast opp slik:

- Barnehagen/skulen kallar inn føresette, elev og pedagog/lærer til eit besøk i barnehagen/på skulen, der dei får omvising, helse på styrar/reaktor og andre i personalet.
- Barnehagen/skulen kallar inn og informerer føresette og eventuelt elev om kva barnet/eleven har rett på og kva tilbod barnehagen/skulen kan gi.

Munnleg informasjon: Barnehagen/skulen bestillar tolk når det er nødvendig.

Skriftleg informasjon: På dei føresette sitt morsmål eller på eit språk dei kan lesa/lytta til.

- Når det er bestemt kva tilbod som skal gis, må barnehagen/skulen informere eleven/dei føresette om aktivitetar og timeplan dei første vekene.

Så snart som muleg må barnehagen/skulen orientera om institusjonen sitt nasjonale verdigrunnlag og lokale satsingsområde, og den norske tankegangen bak demokratisk oppseding/autoritet/elevmedverknad. Dei føresette og eventuelt eleven må få vite kva slags rutinar barnehagen/skulen har for samarbeid med heimane generelt, og med framandspråklege spesielt.

5.12. Barnehagen og samarbeid med heimen

Ein vaksen bør vere spesielt tilgjengeleg for barnet i starten. Tolk må brukast ofte i starten, særleg første veka. Oppfølgingssamtale bør haldast nokre veker etter oppstart.

Barnehagen må vere så tydeleg som muleg i kommunikasjonen med føresette, og så langt råd sjekke ut om dei har forstått.

Føresette må få munnleg og skriftleg informasjon om barnehagen og kva som blir forventa av dei føresette, t.d

- kva er ein norsk barnehage
- korleis ein jobbar i barnehagen
- barnehageåret
- fridagar
- tidspunkt for bringe-hente
- foreldremøte
- klede, at barn i Noreg er ute i allslags ver

5.13. Skulen og samarbeid med heimen

Første kontaktmøte skal haldast etter 2-3 veker.

Skulen må ha jamlege, formaliserte kontaktmøte så ofte som det er naudsynt, gjerne to gonger i halvåret. Det må brukast tolk.

Føresette må så tidleg som muleg få vite kva skulen forventar av heimen, mellom anna:

- at dei vaksne på skulen (oftast kvinner) har autoritet over eleven så lenge eleven er på skulen
- korleis ein norsk skule fungerer og korleis det blir jobba der
- at det er viktig at barnet går på skulen

- skuleåret/fridagar, rutinar for å søke eleven fri
- rutinemessige møte (kontaktmøte, klasseforeldremøte, FAU, helsesøster, o.a.)
- at det er viktig å gjere skularbeid og lekser
- at føresette ikkje må gjere leksene for barnet eller ”pynte” på leksene som barnet gjer
- at jentene ikkje må ha så mykje plikter heime at dei ikkje får gjort lekser
- at det er naudsynt med ro og fred for å konsentrere seg om leksene
- at eleven må ha pennal til skrivesaker
- matpakke
- at dei må ta godt vare på tinga dei får (bøker, skrivebøker, skrivesaker)
- utstyr som barna treng
- kva som er høvelege klede til ulike aktivitetar
- deltaking på arrangement i skulen sin regi
- sosiale arrangement, t.d. fødselsdagar i klassen

5.14. Samarbeid, ansvar og roller internt i barnehagen

Pedagogisk leiar har hovudansvaret for barnet, men kan fordele enkelte oppgåver til andre.

5.15. Samarbeid, ansvar og roller internt i skulen

Kontaktlærer for klassen er også kontaktlærer for dei som får særskild språkopplæring. Innføringsklassen har likevel eigen kontaktlærer. Denne må samarbeide tett med kontaktlærarane for klassane.

Det må vere eitt til to møte i halvåret mellom kontaktlærer for innføringsklassen, kontaktlærer for ordinær klasse, norsklærer og morsmålslærer for dei elevane det gjeld. På møta bør desse tema takast opp:

- Eleven sin framgang i norsk språk
- Lese- og skriveopplæringa
- Fagleg utvikling
- Halvårsplanar, månadsplanar, vekeplanar, timeplan for klassen i tida framover
- Gjensidig informasjon
- Eleven sin trivsel og sosiale status

5.16. Overgang barnehage - skule

Barnehagen følgjer rutinane som for barn med spesialpedagogisk hjelp (sjå denne rutinen, m.a. overgangsmøte).

Skulen må få informasjon frå barnehagen tidleg slik at dei kan gjere einskildvedtak og sette av nødvendige ressursar.

5.17. Overgang ungdomsskule - vidaregåande skule

Den største utfordringa er elevar som kjem i løpet av ungdomsskule-alder. Det er ikkje ein god sosialpedagogisk løysing å la dei gå lengre i ungdomsskulen enn dei til vanleg skal gå, fordi det ofte vil vere demotiverande for dei å gå i lag med elevar som er yngre enn seg. Skulen må så tidleg som muleg ta kontakt med den vidaregåande skulen dei kjem til å søkje på, slik at denne skulen kan førebu eit tilpassa opplegg for eleven.

6. Kompetanse og nettressursar

NAFO – ”Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring” bidrar til kompetanseutvikling i barnehagar, skular, universitet, høgskolar og vaksenopplæringsentra. Her finn ein kartleggingsverktøy, eksempel, lenkje til lovverk osv. Sjå <http://www.hioa.no/Om-HiOA/NAFO>

7. Ressursar

7.1. Barnehagen

For busetting av flyktingar som kjem rett frå eit anna land, blir det gitt eit eingongstilskot frå IMDI. For andre barn blir det gitt eit lite statleg tilskot i rammetilskotet ut frå rapportering i KOSTRA.

Barnehagen melder behov og søker til oppvekstsjefen om midlar til opplegg for å ivareta framandspråklege barns språkutvikling.

7.2. Skulen

Samarbeid

Det må setjast av tid til samarbeid der det er nødvendig. Ressursar til dette må takast innan dei rammene ein har (tildelte ressursar, avtaleverk osv).

Innføringsklasse

I sak 029/11 i kommunestyret blei det oppretta innføringsklasse for 5.-10. klasse. Det er sett av 75% fast stilling, dekkja gjennom bruk av disposisjonsfond og dei midlane elevane utløyser gjennom rett til særskilt norskopplæring. Utgifter til skyss skal dekkjast av kommunen innanfor ordinære skyssmidlar.

Særskilt norskopplæring

Tilskotet til særskilt språkopplæring blir gitt i rammetilskotet. Ein brukar tidlegare føringar (eldre rundskriv) som grunnlag for å tildele skulane midlar til dette. Ressursen som gis er 20% stilling for 1. elev, 15% for 2.-5. elev og 2% for 6. elev og fleire.

Talet på elevar som har rett til særskilt norskopplæring, tospråkleg fagopplæring eller morsmålsopplæring vil variere. Det kjem ofte nye elevar i løpet av året. For elevar som kjem etter at budsjettet er lagt, må det gis ekstra ressursar.

Morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring

Det blir gitt ressursar etter same mal som til særskilt norskopplæring. I følgje Opplæringslova er det ein føresetnad at eleven har særskilt norskopplæring. Når eleven har nådd eit nivå der han eller ho kan følgje ordinær undervisning, så er det heimen si oppgåve å ha den vidare opplæringa i morsmålet.

Intensivkurs 1.-4. klasse

Ressursen til dette kjem i same kategori som ordinær ressurs til særskilt norskopplæring. Behov ut over det som blir gitt i rammetilskotet må komme som friske kommunale midlar.

8. Rapportering

Barnehagen og skulen må rapportere inn til oppvekstsjefen kvart år i samband med budsjettprosessen (dvs. før sommarferien) det dei veit om behov for ressursar neste år og dei endringane som er på dette feltet.

Barnehage rapporterer til staten gjennom KOSTRA kvart år pr. 15. desember og 15. juni. Skule har rapportering til staten gjennom GSI (Grunnskulen sitt informasjonssystem) kvart år pr. 1. oktober.

Kjem det nye barn i barnehagen eller elevar i skulen som skal ha særskilt språkopplæring, så må det gis beskjed om så snart som råd til oppvekstsjefen.

Skulen må hugse på å rapportere til oppvekstsjefen når det er elevar som går over i ordinær undervisning som ikkje lenger skal ha særskilt språkopplæring.

Alle enkeltvedtak om særskilt språkopplæring skal sendast kopi til oppvekstsjefen.

9. Handsaming av avvik

Avvik skal meldast i kommunen sitt system for handtering av avvik. Leiar har ansvar for at gjeldande regelverk blir følgd og eventuelle avvik retta opp.